

Vedtekter for BrattvågNett

1. Namn og formål

Selskapet sitt namn er BrattvågNett, og formålet er å levere radio og tv-signal til innbyggjarane i Brattvåg-området. I tillegg kan selskapet drive sal av reklame og formidle internett-tjenester. Selskapet kan elles ta opp saker som måtte vere av interesse for laget.

2. Stemmerett

Kvar tilknytning gir ein andel i selskapet og ein stemmerett. Der det er fleire brukarar på ei tilknytning, vender selskapet seg til den som har tilknytninga. For den som representerer fleire andeler gjeld følgende: Fra ein til fire andeler gir 1 stemme. Frå fem til åtte andeler gir 2 stemmer. Over åtte andeler gir 3 stemmer. I tillegg til sine egne andeler kan eit medlem møte med fullmakt frå eit medlem. Ei fullmakt skal være skriftleg. For sameie, stiftelser, borettslag og andre juridiske enheter, kan styreformann, eller ein annan person valgt av vedkommande sitt styre møte.

3. Styret si samansetjing

Selskapet har eit styre på 5 andelseigarar: leiar, kasserar, sekretær og to styremedlemmer. I tillegg skal der vere 2 varamedlemmer. Styret blir valt på årsmøtet. Dersom selskapet vert utvida ved at andre selskap går inn som ein del av selskapet, skal 1 styremedlem frå det andre selskapet ta plass i styret fram til neste ordinære årsmøte. Ved val av styre bør ein prøve å få heile det geografiske området representert.

4. Styret sine oppgåver

Styret leier den daglege drifta av selskapet. Det skal ta i vare laget sin økonomi og andre interesser, kalle inn til møte og legge fram revidert rekneskap og årsmelding på årsmøtet. Alle andelseigarar har rett til å kome med forslag til endring i vedtektene eller andre forhold. Slike forslag må vere tekne opp med styret seinast 30 dagar før årsmøtet. Styremøte vert halde så ofte som formannen eller andre styremedlemmer finn det nødvendig. Styret er vedtaksført når minst 3 av styremedlemmene er til stades. Ved stemmelikheit har formannen dobbeltstemme. Eventuelle nemnder er ansvarleg overfor styret og kan kallast inn, men har ikkje stemmerett.

5. Årsmøte

Årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars. På årsmøtet kan alle registrerte medlemmer møte. For registrert medlem kan ektefelle/registrert samboer møte utan fullmakt. Årsmøtet vert innkalla av styret med minst 14 dagars varsel. Sakliste skal følgje innkallinga og skal minimum innehalde følgende:

- Godkjenning av innkalling
- Valg av møteleiar og sekretær
- Valg av en person til å skrive under protokollen sammen med møteleiar
- Registrering av stemmetall og fullmakter
- Årsmelding
- Rekneskap
- Fastsetjing av tilknytings- og årsavgift, budsjett
- Valg av styre og valgkomité
- Godtgjersle til styret
- Saker framlagt av styre/ innkomne saker/forslag

Formannen blir vald for eitt år om gongen, resten av styret og varamenn blir valde for 2 år. Styremedlemmene er på val anna kvart år med halvparten kvar gong. Årsmøtet vel ei valnemnd på 3 personar. Årsmøtet fastset årskontingent og ordinær tilknytingsavgift. Årsmøtevedtak blir avgjort med vanleg(simpelt) fleirtal etter stemmerettsreglane. I fall stemmetalet vert likt, har formannen dobbeltstemme. Endringar i vedtektene må ha 2/3 fleirtal av dei frammøtte andelseigarane og behandlast på 2 årsmøte for å vere gyldig.

6. Manglande betaling

Dersom ein andelseigar ikkje betaler kontingent, kan styret etter skriftleg varsel sende kravet til inkasso, stenge for signala og stryke vedkommande som andelseigar.

7. Ekstraordinært årsmøte

Styret kan innkalle til ekstraordinært årsmøte med 8 dagars varsel, der sakliste følgjer innkallinga. Innkalling skjer ved bruk av infokanalen og/eller heimeside på Internett. I tillegg vert nytta annonse i lokalpresse eller melding til kvar enkelt medlem. Tilsvarande gjeld dersom 10 % av medlemmane krev nytt årsmøte.

8. Andelseigarane

Alle som ønskjer tilknytning til selskapet får dette dersom det er økonomisk forsvarleg. BrattvågNett dekkjer arbeid og materiell for framføring av kabel til og med første koplingsboks eller punkt inne i huset. Det er huseigar sitt ansvar å syte for at kabel blir nedgraven på eigen grunn. Alle andelseigarane forpliktar seg til å avstå nødvendig grunn dersom det er nødvendig for legging av ny kabel eller for å erstatte gamle linjer. Kvar enkelt andelseigar er ansvarleg for sin andel av selskapet si fellesgjeld. Utmelding skal skje skriftleg til styret. Tilknytningsavgifta vert ikkje tilbakebetalt.

9. Oppløysing eller sal

Oppløysing eller sal av selskapet kan berre vedtakast på årsmøte der minst 50 % av andelseigarane er representert, og treng 2/3 fleirtal. På eit påfølgende ekstraordinært årsmøte er det tilstrekkeleg med simpelt fleirtal. Ved sal eller oppløysing skal overskytande midler fordelast likt mellom det totale antall andeler på oppløysningstidspunktet.

Brattvåg 27.3 - 2010

Geir Daaugstad

Lof Sandvik

Raggei Vik

Olav Gubbestad

Snorre Vik